



Notat

Dato: 03.05.2016
Arkivsak: 2015/11349-17
Saksbehandlar: linols13

Til:	Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Det felles innvandrerrådet i Hordaland, Norsk Handicapforbund, Eigedomsavdelina v/Ragnhild Skajaa, Fylkeseldrerådet v/Arlid Sondre Sekse, Ungdommens fylkesutval) v/ Dianne Kilvær, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne v/Dianne Kilvær, FRI – Foreningen for kjønns-, og seksualitetsmangfold Bergen og Hordaland
Frå:	Ruth Brudvik, prosjektleiar

Invitasjon til innspillsmøte

Handlingsplan for likeverd, likestilling og inkludering, Hordaland fylkeskommune

20. mai 2016 kl.09-12. Stad: Møterom 1322, fylkeshuset.

Prosjektet «Handlingsplan for likeverd, likestilling og inkludering» er sett i gang på bakgrunn av vedtak i Fylkestinget 09.12.2014. Det skal utarbeidast ein generell plan for likeverd, likestilling og inkludering.

Planen skal vera eit verktøy for fylkeskommunen til å setja i verk tiltak for å bidra til auka inkludering på alle område. HFK sitt samfunnsoppdrag vert utøvd på fleire ulike felt, som arbeidsgjevar for ca.4000 tilsette, som skuleeigar og som tenesteytar for innbyggjarane.

Handlingsplanen skal opp til handsaming i fylkestinget i oktobermøtet.

Denne handlingsplanen skal motverka alle former for diskriminering, og HFK skal med dette verktøyet kunna utnytta kompetanse mangfaldet i samfunnet på ein betre og meir målbar måte.

Det vil vera fleire viktige interessentar i dette prosjektet, både eksterne og interne. På grunn av den avgrensa tida som er til rådvelde, blir ikkje planen lagt ut til høyring. Intensjonen med dette møtet er nettopp å få nyttige innspill frå aktuelle partar/fagmiljø.

Målgruppa er både arbeidsgjevar, arbeidstakrarar og brukarar av tenestene, inkludert elevane i vidaregåande opplæring. Handlingsplanen skal vere med og legge premissar for fylkeskommunen sitt oppdrag som regional utviklar.

Handlingsplanen er difor toledda med tiltak både i arbeidsgjevar- og tenesteytarrolla. Tiltaksplanane er systematisert etter to område: HFK som arbeidsgjevar og HFK som tenesteytar. Nokre av problemstillingane er aktuelle for begge områda.

Vi håper de vil delta med representant på dette møtet, og vi ber om at de på førehand har vurdert kva som bør vere prioriterte tiltak i ein slik plan.

Vi ber om tilbakemelding om deltaking innan 18. mai til Ruth.brudvik@hfk.no.

Vel møtt!